


TERMPOSTEN

Nr. 1
juni 2016

SPRÅKRÅDETS NYHETSBREV
OM TERMINOLOGI

INNHold:

<u>Redaksjonens vindu</u>	2
<u>Siden sist</u>	2
<u>Nyheter</u>	3
<u>Visste du at? Om hjelp til medisinsk fagspråk</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Åse Wetås</u>	4
<u>Aktuell term: <i>førarlaust køyretøy</i></u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: Kva er <i>circular economy</i> på norsk?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: <i>Kjønn</i> eller <i>kjønn</i>?</u>	5
<u>Smakebiter fra nordiske termbaser</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Noen kommende arrangementer</u>	6



Redaksjonens vindu

Det er sommer, og vi er halvveis i 2016. Hittil i år har vi blant annet startet opp et nytt prosjekt om klimaterminologi og bidratt i Finans Norges prosjekt om pensjonstermer. Begge deler kan dere lese mer om i denne utgaven. I denne utgaven presenterer vi også vår nye direktør, Åse Wetås, i portrettintervjuet. I tillegg kan dere lese om førerløse kjøretøy, kjønn og kjønn samt termbasen til Kollegiet for brannfaglig terminologi (KBT).

Vi er også godt i gang med å planlegge Nordtermkonferansen i 2017, men her må dere nok vente til neste utgave før dere får noe mer informasjon. Vi sier bare: hold av andre uka i juni neste år ... Men før vi kommer så langt, er det sommerskole i terminologi i juli og toppmøte i den europeiske terminologiforeningen EAFT i november i år, så det er mulig å fylle dagene med terminologi også før juni 2017.



Vi ønsker alle en riktig god sommer!

Siden sist

Oversatte dager

I februar gikk de tredje Oversatte dager av stabelen på Litteraturhuset i Oslo. Arrangementet er et samarbeid mellom *Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening* og *Norsk Oversetterforening*. Målet er å synliggjøre og spre entusiasme for oversettelser og oversettere. Språkrådet deltok med en samtale mellom oversetter Stian Omland og rådgiver Marianne Aasgaard. De snakket om hvordan oversettere av skjønnlitteratur jobber med fagspråk og terminologi som de støter på i oversettelsene sine, i dette tilfellet kriminalromaner.

Marita Kristiansen, førsteamanuensis i engelsk ved Norges handelshøgskole (NHH) og leder i Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning, presenterte arbeidet med Termportalen, som er et samarbeid mellom NHH, Universitetet i

Bergen og Universitetet i Oslo. Håvard Hjulstad, prosjektleder ved Standard Norge og medlem i samme fagråd, presenterte Standard Norges termbase SNORRE.

Enklere pensjonsspråk

Finansnæringen i Norge skal forenkle språket vi bruker om pensjon. Finans Norge og deres medlemselskaper som driver med livs- og pensjonsforsikring, har derfor samarbeidet med Språkrådet, Forbrukerombudet, Finansportalen og Finansforbundet om et klarspråksprosjekt. Arbeidet har resultert i en «bransjestandard for klarspråk», altså retningslinjer for hvordan selskapene kan skrive enklere og mer forståelig om pensjon.

Klarspråksprosjektet har også omfattet arbeid med terminologi, og en arbeidsgruppe med representanter for selskapene har sammen med Språkrådet

gått gjennom nærmere 100 termer for pensjons- og livsforsikring og laget en termliste med forklaringer. Både bransjestandarden og termlista vil bli lansert i august.

Språk i arbeids- og næringslivet

Språkrådet fikk i vinter utført to undersøkelser om bruk av engelsk i arbeids- og næringslivet. Den første undersøkelsen gikk til ledere i bedrifter i det private næringsliv og undersøkte i hvor stor grad engelsk benyttes. Den viste at norsk var det mest brukte språket, og at språkvalget blir styrt av praktiske behov. Den andre undersøkelsen gikk til tillitsvalgte fra Fellesforbundet og IndustriEnergi. Den bekreftet funnene i den første undersøkelsen, men samtidig rapporterte de tillitsvalgte om at bruken av engelsk gikk ut over intern effektivitet og helse, miljø og sikkerhet.

Nyheter

Doktorgrad i terminologi

Den 22. januar disputerte Kari Øvsthus for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen med avhandlinga *Conceptual versus Terminological Clarification: A Study of Corporate Governance*.

Avhandlinga tek for seg fenomenet corporate governance, ofte kalla eigarstyring og selskapsleiing/verksemdstyring på norsk, og studerer det frå to ulike terminologiske perspektiv, [ifølgje UiB](#).

Klimaterminologi

Forskarmiljøet ved UiB, Bjerknessenteret og Uni Research samarbeider med Språkrådet i eit nytt prosjekt i klimaterminologi.

Prosjektet er tverrfagleg og vil omfatte m.a. oseanografi, meteorologi, datamodellering, paleoklimatologi og samfunnsvitskaplege fagfelt. Tidsramma er på to år.

Terminologien vil bli registrert i Språkrådets termwiki.

Parallellspråk i UH-sektoren

Norges handelshøgskule (NHH) og Språkrådet har sett i gang eit [prosjekt for å styrkje parallellspråkbruk i UH-sektoren](#). Målet er å finne ei praktisk oppskrift på korleis det kan gjerast.

Prosjektet omfattar også ei kartlegging av bruken av norsk og engelsk ved institusjonen og ei undersøking av korleis byte av undervisningsspråk frå norsk til engelsk i eit emne påverkar læringseffekten.

Kjemiske grunnstoff

De kjemiske grunnstoffene 113, 115, 117 og 118 i det periodiske system skal få navn. [Organisasjonen IUPAC](#) har foreslått henholdsvis *moscovium*, *nihonium*, *tennessine* og *oganesson* som nye engelske navn på disse.

Navnene skal hedre forskningsinstitusjoner i Russland, Japan (Nihon på japansk) og USA (Tennessee) samt den russiske forskeren Y. Oganessian. Høringsfristen er 8. november.

Emneord fra bibliotekene

Realfagsbibliotekene ved UiO og UiB har gjort en lang rekke emneord tilgjengelige [gjennom søkeportalen Skosmos](#).

I basen kan man bl.a. finne [over 50 000 realfagstermer](#) fordelt på bokmål, nynorsk og engelsk.

Videre ligger bl.a. emneord fra Humord, en norsk tesaurus for humaniora og samfunnsvitenskap, norsk WebDewey og TEKORD tilgjengelige gjennom søkeportalen.

Samarbeid med Standard Norge

Språkrådet og Standard Norge skal formalisere samarbeidet seg imellom med en felles handlingsplan for å styrke norsk språk og terminologi. Målet er å øke andelen standarder som blir oversatt til norsk, og å ivareta utviklingen av terminologi på viktige samfunnsområder.

Handlingsplanen skal være klar til høsten.

Visste du at? Om hjelp til medisinsk fagspråk

Mange av oss har hatt glede av fagordbøkene i medisin frå Samlaget og Kunnskapsforlaget, som jamleg kjem i oppdaterte utgåver.

Fagordbøkene er med på å styrkje norsk medisinsk fagspråk. Det gjer også andre viktige språkressursar som t.d. [MeSH-basen til Kunnskaps-senteret for helsetenesta](#). Her kan du søkje på norske og engelske emneord innanfor medisin og helsefag. I dag inneheld basen over 19 000 norske termar, og innhaldet aukar i eit pågåande prosjekt.

MeSH-basen er også kopla opp mot internasjonale basar, som gjer at du kan finne ekvivalentar på ei rekkje språk – frå spansk og fransk til kinesisk og japansk – gjennom å [søkje i portalen HeTOP](#).

Tidsskrift for den norske legeförening har ei fast språkspalte i kvar utgåve og ei [nyttig nettside med råd om språk i medisin](#). Lurer du på korleis du skal skrive vitskaplege namn på bakteriar og virus eller gen, finn du informasjon her. Du finn også ei medisinsk ordliste.



På kornet – portrettintervju med Åse Wetås

Åse Wetås vart tilsatt som direktør i Språkrådet i 2015 og starta i jobben i desember i fjor.

Kva er det beste med jobben din?

Det beste med jobben min er at eg får arbeida med ein heil gjeng hyggelege og kompetente medarbeidarar om noko så viktig som norsk språk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Kva for utdanning har du etter vidaregåande skule?

Eg har ein doktorgrad i nordisk språkvitskap. I utdanninga mi har eg også eit påbyrja og uavslutta embetsstudium i medisin.

Kva var favorittfaget ditt på barneskulen?

Eg likte veldig godt o-fag og



Foto: Språkrådet

sløyd. Det verste var tekstil og saum. Der er eg heilt talentlaus!

Kvifor er arbeidet med terminologi viktig?

Norskspråkleg terminologi er avgjerande for at me skal ha god samfunnstryggleik og

sikker krisehandtering. Det er eg opptatt av at me skal få mange fleire til å tenkja over.

Om du kunne velje eit anna yrke, kva for eit og kvifor?

Eg kunne gjerne tenkt meg å vera arkitekt. Eg er veldig glad i å teikna, og god arkitektur er vakker. Ein av favorittbygningane mine er den som huser Aros, kunstmuseet i Århus.

Kva les du helst på fritida?

Eg les usystematisk - ny og gammal skjønnlitteratur om kvarandre. Innimellom litt krim. Og massevis av papir-aviser!

Kva er favorittermen din?

Eg går for *metafor*.

Aktuell term: *førarlaust køyretøy*

Ei av dei mest omtalte nyvinningane på teknologifeltet er *førarlause køyretøy*. I ein god del tekst- ar vert også fenomenet omtala som *sjølvkøyrande* og *sjølvstyrande* jamvel *autonome køyretøy*.

Fleire meiner at det trengst ei opprydding i det terminologiske villniset. Det gjeld i like stor grad blant dei engelske fagtermene, [som varierer like mykje, ifølgje teknologiskribentar](#). Problemet er nok at det er snakk om ei nokså ueinsarta gruppe av køyretøy. [Den internasjonale organisasjonen SAE deler køyretøya inn i seks kategoriar](#) på grunnlag av kva funksjonar og system som er automatiserte.

Bilar høyrer tradisjonelt til nivå 0, medan vi har hatt einskilde assisterte manøvreringsfunksjonar som t.d. elektronisk stabilisering og ABS-bremser nokre tiår allereie (nivå 1). Køyretøya som vert testa no, høyrer til nivå 2. Dei har endå fleire

automatiserte manøvreringsfunksjonar, men føraryn må framleis overvake trafikkbiletet.

Derfor er det neppe føremålstenleg å omtale dei som førarlause køyretøy. Ei moglegheit kunne vere å kalle dei for [sjølvstyrande eller sjølvkøyrande køyretøy](#). Dei planlagde protoversjonane av køyretøy på nivå 3, der det er bilen som overvakar trafikkbiletet, er heller ikkje heilt førarlause. Her må menneske gripe inn i uventa situasjonar.

Det er først på nivå 4 og 5 at ein nok kan kalle køyretøya *førarlause*, og slike ser vi truleg ikkje før om fleire tiår.

Eit første steg på vegen vil vere å lage eit godt omgrepsapparat for slike køyretøy. Vi oppmodar fagfolk og teknologijournalistar til å nytte klårgerande termar, og vi tek gjerne imot innspel og forslag til slike.

Spørsmål og svar 1: Kva er *circular economy* på norsk?

I EU-dokument vert det ofte skrivne om *circular economy*.

Kva er den norske fagtermen?

Omgrepet vert nytta om eit økonomisk system som legg opp til at produkt vert nytta om att når livslauget tek slutt. Ein legg altså til rette for attvinning allereie når nye produkt vert planlagde og utforma, slik at ressursen vert halden inne i økonomien i fleire omgangar.

På norsk vert både *sirkulær økonomi* og *kretslaupsøkonomi* nytta, og begge to er fullt moglege. *Sirkulær økonomi* er ein god del meir brukt, og det er ein føremon. Likevel vil *kretslaupsøkonomi* vere meir sjølvforklarande for mange; omgrepet byggjer nettopp på kretslauget i naturen. I tillegg er det meir naturleg å lage nye ord-samansetjingar som byggjer på omgrepet, jf. *kretslaupsprodukt*.

På svensk og dansk varierer ein også. Der heiter det høvesvis *kretsløppsekonomi* og *circulär ekonomi* og *kredsløbsøkonomi* og *cirkulær økonomi*.

Spørsmål og svar 2: *Kjønn* og *kjønn*?

På engelsk har man ordene *sex* og *gender*, som henholdvis refererer til det rent fysiologiske aspektet og de mer atferdsmessige aspektene ved *kjønn*. Burde det ikke være tilsvarende ord på norsk? Vi har jo åpenbart behov for et tydeligere skille også i vårt vokabular.

Det pågår et prosjekt om terminologi i kjønnsforskning nå, der fagfolk ved flere universiteter samarbeider om å utvikle terminologi på dette fagfeltet. Prosjektgruppa har diskutert begrepet 'kjønn' og har konkludert med å bruke termen *kjønn* på norsk uten å skape et skille som mellom «sex» og «gender» på engelsk. De skriver i en kommentar til begrepet at «[k]jønnsforskere har ofte operert med en distinksjon mellom biologisk og sosialt kjønn (på engelsk henholdsvis «sex» og «gender»), men i det senere har forestillingen om et skarpt skille mellom disse kjønnsaspektene blitt problematisert.»

Gruppa definerer for øvrig kjønn som 'klassifikasjonssystem som deler mennesker inn i kategorier, hovedsakelig hunkjønn og hankjønn, og forbinder disse kategoriene med ulike biologiske, sosiale, kulturelle og psykologiske egenskaper og handlingsmønstre'.

Smakebiter fra nordiske termbaser: KBT


Hva er egentlig en *brann*? Hva med *ild*? Eller *brannmann*? I [termbasen til Kollegiet for brannfaglig terminologi \(KBT\)](#) finner du definisjoner av disse og over 1600 andre termer.

Brann (uønsket eller ukontrollert forbrennings-

prosess som kjennetegnes av varmeavgivelse ledsaget av røyk, flamme eller gløding) er et skremmende scenario. Når vi hører en *brannalarm* (varsling av brann, enten av en person eller av et automatisk anlegg), får vi en liten støkk, og ser vi i tillegg *ild* (forbrenningsprosess med

varme- og flammedannelse), føler vi oss ekstra utrygge.

KBTs termbase slokker ikke brann, men den bidrar til at de som gjør det, kan kommunisere på en klar og entydig måte, slik at språket ikke blir et hinder for arbeidet.



TERMINOLOGGEN

Du finner en oppdatert kalender over kommende terminologirelaterte arrangementer på våre nettsider: www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/.

Noen kommende arrangementer

24. september vert konferansen SLAM! arrangert i Malmö. Konferansen er eit samarbeid mellom oversetterorganisasjonar i Norden, mellom anna [Norsk fagoversetterforening \(NORFAG\)](#), [Norsk tolkeforening \(NTF\)](#) og [Statsautoriserte translatores forening \(STF\)](#).

14.–15. november er det tid for [det åttende toppmøtet i den europeiske terminologiforeningen, EAFT](#). I år finner toppmøtet sted i Luxembourg, og det overordnede temaet er «visjoner og revisjoner». EAFT feirer 20-årsjubileum i 2016, og toppmøtet vil derfor være en mulighet til både å se tilbake på årene som er gått, og å diskutere visjonene for fremtiden.

TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMER GIR GODT
FAGSPRÅK

Språkrådet har et overordnet, nasjonalt ansvar for å samordne utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning. Tre rådgivere arbeider på området, og de samarbeider tett med Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, legge til rette for og samordne aktivitet
- være en aktiv pådriver for forsknings- og utviklingsarbeid
- søke å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljøer og hjelpe til med å bygge opp termbaser
- bygge allianser som kan føre til økt interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentlig forvaltning, næringsliv og publikum

www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/

Språkrådet gir ut en rekke publikasjoner, blant annet *Termlosen*, en innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese mer om Termlosen her.](#)